

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 19.05.2022

Noralv Distad, H, sette på vegner av H fram slikt alternativt forslag til pkt. 1:

"Punkt 1/alternativ formulering:

Vestland fylkeskommune meiner det viktig å sikre rikeleg tilgang på fornybar kraft, slik at Noreg er i front i elektrifisering, grøn omstilling og berekraftig næringsutvikling.

Vestland fylke står i dag for om lag 25 prosent av den fornybare kraftproduksjonen i Noreg.

Rapporten Grøn region Vestland viser store mulegheiter for framtidig verdi- og jobbskaping.

Vestland er klar til å spela ei nøkkelrolle for å nå både regionale og nasjonale mål for produksjon, distribusjon og bruk av elektrisk kraft.

Vestland fylkeskommune meiner difor at det må koma klare og ambisiøse mål om kraftproduksjon og nettutvikling for å ta kraft i bruk. I tillegg må ein ha tydeleg mål for energieffektivisering.

Omsynet til klima, miljø og berekraftig verdiskaping må vere premis for utviklinga mot dei nye måla."

Sigrid Brattabø Handegard, SP, sette på vegner av SP, SV, KrF, A, MDG, og V fram slikt alternativt forslag til pkt. 1:

"Overordna målsetjing, innleiing pk 1

Vestland fylkeskommune meiner det må vera eit felles overordna nasjonalt mål korleis ein skal sikra rikeleg, rein og rimeleg kraft som eit konkurransefortrinn til norsk industri og utvikling av grønne arbeidsplasser. Norske forbrukarar bør også ha tilgang på energi til fornuftige prisar."

Noralv Distad, H, sette på vegner av H fram slikt tilleggssforslag til punkt 5:

"Til punkt 5

Tillegg punkt 5:

Vestland fylkeskommune ber om at det vert satsa vidare på vasskraft Det er viktig både med opprusting og utviding av eksisterande kraftverk og å sjå på mulegheitene i nye anlegg. Nye utbyggingar bør vurderast blant anna i kombinasjon med flaumdemping.

Vestland fylkeskommune ber vidare om at regjeringa satsar på havvind"

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstillig til fylkesutvalet.

Handegaard sitt alternative forslag til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt alternative forslag til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt tilleggssforslag til punkt 5 fekk 8 (H, SP, Frp og KrF) røyster og vart vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1.Vestland fylkeskommune meiner det må vera eit felles overordna nasjonalt mål korleis ein skal sikra rikeleg, rein og rimeleg kraft som eit konkurransefortrinn til norsk industri og utvikling av grønne arbeidsplasser. Norske forbrukarar bør også ha tilgang på energi til fornuftige prisar.

Vestland fylkeskommune meiner det viktig å sikre rikeleg tilgang på fornybar kraft, slik at Noreg er i front i elektrifisering, grøn omstilling og berekraftig næringsutvikling.

Vestland fylke står i dag for om lag 25 prosent av den fornybare kraftproduksjonen i Noreg.

Rapporten Grøn region Vestland viser store mulegheiter for framtidig verdi- og jobbskaping.

Vestland er klar til å spela ei nøkkelrolle for å nå både regionale og nasjonale mål for produksjon, distribusjon og bruk av elektrisk kraft.

Vestland fylkeskommune meiner difor at det må koma klare og ambisiøse mål om kraftproduksjon

og nettutvikling for å ta kraft i bruk. I tillegg må ein ha tydeleg mål for energieffektivisering. Omsynet til klima, miljø og berekraftig verdiskaping må vere premiss for utviklinga mot dei nye måla.

2. Vestland fylkeskommunen meiner det er avgjerande at når regjeringa legg fram planar og mål, knytt til energi, så er desse i tråd med planar og mål i regionane og kommunane som skal realisere desse. Vestland fylkeskommune utarbeider no regional plan for fornybar energi, i tett samspel med regional plan for klima. Denne, ilag med liknande arbeid andre stader i landet, må ha ei viktig rolle når regjeringa skal vurdere framtida til energilandet.

3. Vestland fylkeskommune meiner tidsbruk for sakshandsaming i konsesjonssaker må ned. Sakshandsamingskapasiteten i NVE og OED må betydeleg opp. Saker kan ikkje ligge i månadsvis utan å verta tildelt sakshandsamar. Ein stor del av konfliktane i konsesjonsprosessar er knytt til at dei dreg ut i tid. Vi ber om at det settast ein frist på 10 veker frå søknadstidspunkt til høyringsbrevet går ut frå NVE/OED.

4. Vestland fylkeskommunen meiner rammene for å utbetra kraftnettet i Noreg er ikkje eigna for oppgraderingstempoet me ser behovet for i dag. Reaktiv oppgradering basert på innmeldt behov gjer at vi alltid er på etterskot. Noreg må sikta mot eit kapasitetsmål basert på den utviklinga me jobbar for å få til m.o.t elektrifisering og ny grøn industri. Dette vil gagne staten stort på sikt. Difor må staten inn med risikodempande midlar for å få dette til.

5. Vestland fylkeskommune ber om at regjeringa satsar på havvind utom kysten til Vestland. Dette vil gje store positive ringverknader for regionen, særskild sidan det er førespegla stor forbruksauke ved kysten. I tillegg er dette i tråd med Hurdalsplattforma som seier at sokkelen skal elektrifiserast med havvind.

Vestland fylkeskommune ber om at det vert satsa vidare på vasskraft Det er viktig både med opprusting og utviding av eksisterande kraftverk og å sjå på mulegheitene i nye anlegg. Nye utbyggingar bør vurderast blant anna i kombinasjon med flaumdemping. Vestland fylkeskommune ber vidare om at regjeringa satsar på havvind.

6. Vestland fylkeskommune meiner at det er avgjerande at Noreg satsar på eit samspel av løysingar for det norske kraftsystemet. Noreg må ha fleire bein å stå på m.o.t. kraftproduksjon framover. Fleksibilitet i forbruk og produksjon må òg utnyttast viss Noreg skal ha eit robust kraftsystem i framtida.

7. I tillegg til tidlegare punkt må energikommisjonen oppfordre til kortsiktige tiltak som gjev stor effekt. Dette kan vere å innføre momsfrítak på varmpumper og solceller i fem år, slik som Storbritannia har gjort.